

TYSVÆR KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Måndag 9. september 2024 blei det halde møte i Tysvær kontrollutval under leiing av utvalsleiar Svein Terje Brekke.

MØTESTED:	Tysvær rådhus, formannskapssalen
MØTESTART/SLUTT:	Kl. 14.00 – 15.50
MØTENDE MEDLEMMER:	Svein Terje Brekke (Krf), Stig Hop (INP), Karsten A. Larsen (Frp), Bodil Elvie Varpen Tungland (Ap) og Åse-Berit Apeland Rolland (Sp)
MØTENDE VARAMEDLEMMER:	Ingen
FORFALL:	Ingen
FRA SEKRETARIATET MØTTE:	Utvalssekretær Sjur Hatlen - Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRA ROGALAND REVISJON:	Leder for forvaltningsrevisjon Bjørn Sæbø og revisor Edith Sætrevik
FRA ADMINISTRASJONEN:	Rådmann Sigurd Eikje, kommunalsjef oppvekst og kultur Jorid Veia Isdahl i sak 18
ANDRE SOM MØTTE:	Ordfører Monika Lindanger
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTEN:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 17/24 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 10.06.24

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Protokoll frå møtet i Tysvær kontrollutval 10.06.24 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 09.09.24:

Utvalet hadde ingen merknader. Protokollen blei godkjent slik han var lagt fram.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 09.09.24:

Protokoll frå møtet i Tysvær kontrollutval 10.06.24 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 18/24 ORIENTERING OM OPPVEKST OG KULTUR – V/ KOMMUNALSJEF

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Tysvær kontrollutval tar kommunalsjef Jorid Veia Isdahl sin gjennomgang om «Oppvekst og kultur» til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 09.09.24:

Kommunalsjef for oppvekst og kultur Jorid Veia Isdahl viste ein presentasjon og orienterte om sitt arbeidsområde. Ho viste organisasjonskart over dei ulike einingane innan oppvekst og kultur og fortalde om verksemdsområda sine rammer og visjonen «aktivitet og trivsel i Tysvær kommune». Oppvekst og kultur har 521 årsverk fordelt på 601 tilsette og gjennomsnittlig stillingsstørrelse har auka til 86,7 prosent.

Utvalet blei vidare orientert om utfordringane knytt til rekruttering, høgt sjukefråvær, reduksjon i barnetall, nasjonale reformer og satsingar, omstilling – meir for mindre ved «smarte grep». Dei fekk informasjon om lovverket som tenestene arbeider etter, «Tysvær-leiaren», målkart, temaplanen for barn og unge (2022 – 2026) og BTI (betre tverrfaglig innsats).

Medlemmene fekk svar på spørsmål om mellom anna sjukefråvær i barnehagane, lovverk, om korleis det blir arbeida med barna og om mobilforbod.

Leiar takka for ei interessant og lærerik orientring.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 09.09.24:

Tysvær kontrollutval tek kommunalsjefen Jorid Veia Isdahl sin gjennomgang om «Oppvekst og kultur» til orientering.

SAK 19/24 PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON OG EIGARSKAPSKONTROLL

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Tysvær kontrollutval vedtar Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for perioden 2024 – 2028 slik den ligg føre/med desse endringane

Og innstilling til kommunestyret:

Tysvær kommunestyret vedtar Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for perioden 2024 – 2028 slik den ligg føre.

Tysvær kommunestyret gir kontrollutvalet delegert mynde til å gjera endringar i planen i samsvar med kommunelova §§ 23-3 og 23-4.

Handsaming i kontrollutvalet 09.09.24:

Leiar innleia og gav ordet til forvaltningsrevisor. Han orienterte om framlegget til plan og informerte litt om korleis revisjonen arbeider og korleis dei kjem til sine prioriteringar. Medlemmane drøfta framlegget og revisor svara på spørsmål.

Utvalet blei samd å ikkje gjera endringar i framlegget til planen.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 09.09.24:

Tysvær kontrollutval vedtar Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for perioden 2024 – 2028 slik den ligg føre.

Innstilling til kommunestyret:

Tysvær kommunestyret vedtar Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for perioden 2024 – 2028 slik den ligg føre.

Tysvær kommunestyret gir kontrollutvalet delegert mynde til å gjera endringar i planen i samsvar med kommunelova §§ 23-3 og 23-4.

SAK 20/24 VAL AV NYTT FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Tysvær kontrollutval ber Rogaland Revisjon om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjekt om til neste møte.

Handsaming i kontrollutvalet 09.09.24:

Utvalet drøfta kva for prosjekt dei skulle velja no og blei samd om å velje «Arbeidsmiljø og sykefravær». Dette var eit av dei prioriterte prosjekta i den nye planen. Revisor blei bedt om å utarbeide eit prosjektmandat til neste møte.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 09.09.24:

Tysvær kontrollutval ber Rogaland Revisjon om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjekt om «Arbeidsmiljø og sykefravær» til neste møte.

SAK 21/24 BUDSJETTFRAMLEGG 2025 – KONTROLLARBEIDET I KOMMUNEN

Sekretariatet sitt framlegg til innstilling:

Tysvær kontrollutval gjer framlegg om eit samla budsjett for kontrollarbeidet i Tysvær kommune for budsjettåret 2025 med ein totalramme på **kr 1 563 000,-** eks mva fordelt på følgjande:

Kontrollutvalet	kr	132 000
Kjøp av sekretariatsteneste	kr	291 000
Kjøp av revisjonsteneste	kr	1 140 000

Handsaming i kontrollutvalet 09.09.24:

Leier innleia og gjekk gjennom framlegget til budsjett. Sekretær gav utfyllande informasjon. Medlemmene diskuterte framlegget og meinte at posten for tapt arbeidsfortenesete burde aukast med kr. 1000. Utvalet blei samd om å auke denne posten til kr. 3000.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 09.09.24:

*Tysvær kontrollutval gjer framlegg om eit samla budsjett for kontrollarbeidet i Tysvær kommune for budsjettåret 2025 med ein totalramme på **kr 1 564 000,-** eks mva fordelt på følgjande:*

<i>Kontrollutvalet</i>	<i>kr</i>	<i>133 000</i>
<i>Kjøp av sekretariatsteneste</i>	<i>kr</i>	<i>291 000</i>
<i>Kjøp av revisjonsteneste</i>	<i>kr</i>	<i>1 140 000</i>

SAK 22/24 REVISOR SI EIGENERKLÆRING FOR 2024

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Tysvær kontrollutval tar dei framlagde eigenerklæringane, dagsett 25.06.24, frå Rogaland Revisjon IKS til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 09.09.24:

Revisor viste til dei skriftlege erklæringane og gjorde greie for innhaldet i erklæringane.

Utvalet hadde ingen særskilte merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 09.09.24:

Tysvær kontrollutval tar dei framlagde eigenerklæringane, dagsett 25.06.24, frå Rogaland Revisjon IKS til orientering.

SAK 23/24 ORIENTERING OM REVISJONSSTRATEGI OG FORENKLA ETTERLEVINGSKONTROLL FOR 2024

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Tysvær kontrollutval tar revisor sin gjennomgang om revisjonsstrategi og plan for forenkla etterlevingskontrollen for revisjonsåret 2024 til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 09.09.24:

Rekneskapsrevisor Edith Sætrevik hadde ei grundig orientering om revisjonsstrategien. Ho gjorde greie for revisjonsplan, revisjonssyklus og rammeverket som blir nytta. Vidare blei angrepsvinkelen for revisjonen og risikovurdering av dei ulike områda gjennomgått.

Til slutt fortalde revisor om forenkla etterlevingskontroll, kva det er og gjennomføringa av utplukk ut i frå risikovurderinga. Utvalet fekk svar på spørsmål frå revisor.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 09.09.24:

Tysvær kontrollutval tar revisor sin gjennomgang om revisjonsstrategi og plan for forenkla etterlevingskontrollen for revisjonsåret 2024 til orientering.

SAK 24/24 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 09.09.24

21. Statusrapport pr. september 2024
22. Tertialrapport frå Rogaland Revisjon IKS
23. KST-vedtak revisjonsrapport – Beredskap, hendingar og katastrofar
24. KST-vedtak oppfølging av revisjonsrapport – Førebygging og tidleg innsats
25. Protokoll frå årsmøtet i Forum for kontroll og tilsyn (FKT) 04.06.24
26. Reglement for Tysvær kontrollutval
27. Retningslinjer for håndtering av henvendelser til Tysvær kontrollutval

Handsaming i kontrollutvalet 09.09.24:

Leiar gjekk gjennom referatsakene og oppmoda medlemmane om å sette seg godt inn i reglementet og «retningslinjene for håndtering av henvendelser».

Utvalet hadde elles ingen merknader til referatsakene.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 09.09.24:

Referat- og orienteringssakene nr 21 – 27 blir tatt til orientering.

EVENTUELT

Ingen saker blei meldt eller tatt opp.

Neste møte: måndag 11.11.24, kl. 14.00

Saker: orientering om teknisk og næring, bestilling av nytt revisjonsprosjekt og møteplan for 2025.

Aksdal, 09.09.24

Svein Terje Brekke
Kontrollutvalsleiar

Sjur Hatlen
Utvalssekretær